

BOKN BYGDAABLAD

NR. 7 - SEPTEMBER 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

KOMMUNEVALET 11. SEPTEMBER LITE STØY FRÅ BOKN-POLITIKARANE, MEN SPENNANDE VAL

Så er det kommuneval att den 11. september. I eigen sjølvstyrt kommune!

Ein del politikarar både lokalt og meir sentralt har tidlegare hevda at det kommunestyret som nå går av ville bli det siste i eigen kommune. Andre har sagt at det ville ta lengre tid, og desse har hatt rett. Nå i valkampen seier dei fleste partia også sentralt at kommunane sjølv må be om samanslåing dersom det skal vera aktuelt, men kommunalministeren held på sitt, og er stadig framme med Bokn som eksempel. Uansett ser det ut til å drøya på ubestemt tid, dersom det i det heile blir noko av.

I avisar og lokalfjernsyn blir Bokn framstilt som kommunen utan kampsaker. Som ein kommune der det ikkje er pengar att etter fleire års investeringar i skule og helsektor. Senterpartiet sin ordførar gjennom 18 år tar farvel med politikken, og noko usikkerhet synes å liggja i lufta. Kven skal fylla plassen etter han som har hatt så stor tillit hos dei fleste politikarar og bygdafolk?

TILSETTE STYRER SEG SJØLV?
I kommune-Norge har det vore ein tendens til at fleire og fleire offentleg

tilsette trer inn i politikken. Det vil i mange tilfelle sei at tilsette i kommunen kan sitja i formannskap, kommunestyre og andre utval og ha påverknad på eigen etat eller arbeidsplass. Dette har også vore nemnt i Bokn slik situasjonen har vore i siste periode. Til høgare opp i stilling ein er, til meir kan ein ha høve til å påverka.

I dei partilistene som føreligg nå, er det i Bokn berre Kr.F. som ikkje har kommunalt tilsette på si liste. På Høyre si liste har dei ein på 2. plass og ein på 11.plass. Senterpartiet har ein på 2. plass og elles på 6., 13., og 19. plass. Men det er særleg arbeiderpartiet som har satsa på tilsette i kommunen. Der har dei 3 blant dei 4 første og 3 til blant dei 10 neste.

Valet i Bokn blir nok spennande. Og kven blir ordførar? Etter forrige val med fram og tilbake om samarbeid etter oppstillinga, blir det ikkje mindre spennande nå med den sjølvskrivne ordførarkandidaten ute av bildet.

Godt val!

RA

SPEIDARLEIR PÅ SANDBEKKEN

3. - 9.AUGUST -95

Torsdag den 3.august reiste 19 små og store av speidarane frå Bokn på leir til Sandbekken saman med speidarar frå Førre, Tysværvgåg, og Nedstrand - altså Tysvær prestegjeld. Torsdag og fredag gjekk med til å byggja opp leiren, (skiltet med BOKN på kom opp søndags føremiddag).

Laurdag vart leiren offisielt opna. Same kveld var det stor grillfest med lam og laks. Då feira me bl.a. K.F.U.K. sitt 75-års jubileum, K.F.U.M. sitt 50-års jubileum og 5-års jubileum for Bokn-speidaren.

Søndag var det besøksdag, der me hadde markedsdag med speidartivoli. Blant innslaga på tivoliet var: Karusell, løpestreng, spykasse, spåmann, melkespannkasting, svampkasting på leirsjefen m.m. Det er alltid kjekt når foreldre og slekt elles kjem på besøk denne dagen.

Om føremiddagen var det volley-ball turnering. Vinnaren av turneringa blei Bokn, noko Tysvær-speidarane mislikte til dei grader....

Måndag var det aktivitetsøkt på føremiddagen med bl.a. kanopadling, flåtebygging, fjellklatring, laga hengekøy m.m. og om ettermiddagen gjekk me på HIKE, (då ligg me altså ute under bare ei presenning). Det var 7,5 km. å gå til leirplassen. Tysdag drog me «heim» med kanoar. Etter me kom

frå HIKE var det forfriskande med eit bad i vatnet.


Om ettermiddagen var det «Tyssebokk-økta». Blant aktivitetane der var å laga fiskastong, garnbøting, laga gå-stokk, lefse, og potetkakebaking, herbarium, laga tvåra og gryteskrubb m.m. Om kvelden var det avslutningsleirbål med nattverdsgudsteneste, noko som blei veldig stemningsfullt i skumringa. Onsdag reiv me leiren, bar byggmateriellet på plass etter oss og reiste heim.

Speidarleir er ikkje akkurat ferie:

Kl. 07.30: Revelje
« 08.00: Flaggheis
« 08.10: Frokost
« 09.00: Inspeksjon
« 09.30 - 10.30: Bibeltime

Og deretter gjekk det slag i slag til leirbålet kl.20.00 - 21.30 (kvar dag), men trass i travle dagar og veldig mykje mygg var alle enige om at denne leiren kom i lag med dei kjekke leirane.

Tor Harald og Bjørn Erik



Bokn-speidarane
vann volleyball-
turneringa.

4-BRUERSLØPET -95

Total deltagelse var 333 personer mot 327 i -94. 82 deltagere løp - samme som i -94.

-Gledelig at flere boknarar deltar på løp - men kor e adle damene?

- Kun 5 damer deltok på 10 km. Halvmaraton hadde ingen damer med, så her fikk vi ikke delt ut pokalen engang.

Ellers fikk vi litt blest om løpet vårt fra journalister i år både fra Stvgr.Aftenblad og Hgsd. Avis.

Stvgr. Aftenblad hadde fått snust opp at det kom en deltaker fra Bislet Games (vinneren av 10 km. - Karl Rasmussen). Kanskje hadde det vært en ide neste år med et nytt trekkplaster. - Vi kan jo invitere noen kjendiser.

- Ellers var været på vår side i år. Det var nesten for mye av det gode. Vi hadde problemer med å holde nok væske på vannstasjonene - da det ble brukt både til dusj og drikke.

Stadig har vi ting vi vil prøve å forbedre til neste gang, men ellers begynner vi å kjenne arrangementet etter hvert.

Til slutt vil vi rette en kjempestor takk til alle som var med og gjorde en innsats på hele arrangementet og til våre sponsorer.

-Uten dere hadde det ikke blitt noe løp.

INFORMASJON FRA B.I.L.

- Fellesturen som er satt opp i august vil bli utsatt til september. Nærmere informasjon vil bli sendt i posten.

- Grusbanen vår begynner å ta form. Det har vært en del dugnad, ellers har Odd Grønnestad hatt hovedarbeidet. Ennå gjenstår det litt arbeid, men håper åpningen av banen nærmer seg. Takk til alle som har stilt opp til dugnad - håper de får brukt banen mye.

May Jorunn Vatnaland

BOKNAR VANN GULL I NM-STAFETT

Trond Kjetil Lindanger frå Bokn var med på laget i friidretts-NM som vann gull i 1000 m. stafett tidlegare i sommar. Trond Lindanger sprang for Skjalg (Stavanger).

Trond sprang også 200 meter, men her kom han lengre baki rekka med ein 7.- plass. Det er vel heller ikkje så verst i eit NM.

Gratulerer!

BOKN HANDELSLAG

blei av Ringnes/Tou kåra til «Årets Sommer-butikk».

Fordi Bokn Handelslag hadde ein auke i sal av brus/mineralvatn på 35,4% i mnd. mai/juni/juli i år, blei butikken vinnar av denne «konkurransen». Det viser at det har vore ein fin sommar også i Bokn. Det er vel sannsynleg at også dei andre butikkane i Bokn har selt godt med brus i sommar.

ETABLERERPRIS TIL BOKN

I løpet av våren ble det avholdt en stor etablerer konkurransen over hele Rogaland. Arrangører var Oslo Consulting-group, Rogaland Næringsjeneste, SR-Bank og oljeselskapet Shell. Det ble hengt opp plakater og avholdt møter rundt om i Fylket for å møte idepersoner og for å inspirere til nyetableringer. Det var avsatt kr 200.000 til premiering av de beste ideene. Innleveringsdato for konkurransen var 20 mai, og det kom inn 85 forretningsideer til oppstart av egen virksomhet. Fra Nord-Rogaland innkom ca 35 ideer. Det ble utdelt to førstespremier, en annen premie og to tredjepremier. Alle premiene bortsett fra en tredje premie gikk til sørfylket. Den ene tredjepremien som gikk til vår region gikk til Sigurd Johnny Svendsen i Bokn for ideen med produksjon og etablering av klokkeløyghonning. Juryen begrunnet premieringen med at etableringer nødvendigvis ikke trengte være med tanke på mange arbeidsplasser og stort marked, men også på mindre etableringer som kunne finne sine nisjer i markedet. Juryen fremhevet også produktet som interessant i det klokkeløyghonning er et produkt som bare kan produseres på sørvestlandet og således er basert på våre egne naturresurser.

Klokkeløyghonning fra Sigurd Johnny Svendsen har også blitt vist stor interesse fra mange hold rundt om i landet. Klokkeløyghonningen vil bli prøveprodusert og solgt i løpet av sommeren og høsten og dersom alt går bra vil Svendsen ha full produksjon fra neste sommer.

Sigurd Johnny Svendsen deltar i Bokn Bygdeutvikling, og er med på å vise at det nytter å arbeide for egne og nye arbeidsplasser i kommunen. Gjennom Bokn Bygdeutviklingsprosjektet vil vi i løpet av dette og neste år ha flere nyetablerere, der en kan arbeide sammen i grupper for å oppnå egne miljø for kreative mennesker. Sammen vil vi kunne skape flere arbeidsplasser og aktiviteter som passer vår kommune og gjør den til en god plass å bo. Fra fylkets landbruksavdeling har vi til Bokn Bygdeutviklingsprosjektet mottatt kr 250.000. Alle som ønsker kan delta - nå eller når det måtte passe for den enkelte.

Næringskonsulenten.

NYE MIDLER TIL BOKN.

Bokn kommune har blitt tildelt nye midler til bruk i utviklingen av næringslivet og utviklingen av kommunen. Gjennom det oppsatte Bygdeutviklingsprosjektet har fylkets landbruksavdelingen funnet prosjektet såpass interessant at de har bevilget kr 250.000 til drift de frem til våren 97. Foreløpig har arbeider vi innen følgende satsingsområder:

- Trebearbeiding, der alle former for arbeid i tre kan delta. Leder av gruppen er Leif Vatnaland.
- Utmark, der vi prøver å skape inntekt til grunneiere av de resurser som ligger der. Leder av gruppen er Sigmund Alvestad.
- Vekster og urter, der vi prøver å få etablert et miljø for urtedyrking og dyrking av vekster. Ansvar for denne gruppen - Stein Alendal
- Havbruk, der vi ønsker å få frem personer med ideer innen fisk og havbasert råstoff. Gjerne videreforedling. Her har vi foreløpig ikke ansvarshavende.
- Bygdekjøkken, der vi ønsker å utnytte skolekjøkkenet som et alkjøkken der en kan ha baking i grupper (sosialt), eldre og unge (oversføring av spesielle kunnskap) eller at kjøkkenet blir myttet av de som ønsker å prøvestarte egen produksjon (se om det går bra før en foretar egne investeringer) Ansvar for denne gruppen har Ingjerd Thuestad.
- Spesielle produkter, der alle med egne produktideer og som ønsker hjelp og støtte kan delta. De må gjerne også delta i de andre gruppene. Ansvar Stein Alendal.

I tillegg planlegger vi en egen gruppe for ungdom. Et ungdomsprosjekt. Foreløpig deltar 28 personer i Bokn Bygdeutvikling. Vi har plass til langt flere. Hovedgruppene er ikke faste og det er opp til innbyggerne i kommunen til å komme med forslag til nye grupper, flere aktiviteter eller delta aktivt selv om en ikke har egen ide. Du kan ta kontakt med en av de ansvarshavende eller næringskonsulenten for nærmere opplysninger eller påmelding.

Når det gjelder skole- næringsliv har vi nettopp fått tildelt kr 110.000 fra fylkets næringsavdeling for et eget prosjekt. Totalrammen vil være kr 160.00. Næringskonsulenten har tidligere skissert et opplegg der verdiskapning inngår som en del av undervisningen. Det er viktig at alle elevene på et klassetrinn får delta, enten gjennom adopsjon av en bedrift, undersøke og laga data for en nyetablering eller drive en elevbedrift. Basis i læringen vil være å få forståelse av verdiskapning i samfunnet. En slik opplegg vil gi forståelse for viktigheten av nyetablerere, selvstendig næringsdrivende og bedrifter og det bidrag de gir til vårt samfunn. Kunnskapen gir forståelse av helhet enten en skal drive egen bedrift, drive gårdsbruk, drive fiske eller om en søker arbeid hos andre.

De tildelte midlene vil kunne gi oss muligheter til å engasjere personer til å utarbeide leseplan og innhold i et slikt prosjekt. Dersom vi lykkes i å lage et opplegg som kan fungere vil Bokn kommune være en foregangskommune på landsbasis.

Det skjer og vil skje mange spennende aktiviteter i Bokn kommune - og vi kan få mye til dersom vi ønsker det. Men som alltid er en avhengig av at flest mulig involverer seg eller om ikke annet er positive til det som skjer.

*TENK POSITIVE TANKER-
BRUK POSITIVE ORD-
GJØR POSITIVE HANDLINGER
- OG DET POSITIVE GROR.*

Næringskonsulenten.

BOKN BYGDEUTVIKLING

Bokn Bygdeblad har tidligere omtalt Bokn Bygdeutvikling og de aktiviteter som ble påbegynt før sommerferien. Arbeidet i de enkelte grupper er nå startet opp igjen og vi regner med å ha møter i alle grupper (Trebearbeidingsgruppen, Utmarksgruppen, Vekster & Urtegruppen, Bygdekjøkken gruppe og i Havproduktgruppen) i løpet av kort tid.

Til sammen i gruppene deltar 21 personer, og vi håper at stadig flere deltar. Gjerne med egne ideer eller med forslag om nye grupper.

Utviklingen av Bokn burde engasjere de fleste i Bokn, og vi trenger folk med initiativ og pågangsmot. Det er viktig at vi klarer å løfte i flokk gjennom å etablere miljøer der vi kan møtes og få gjort noe med alle de gode ideer og forslag som fremkommer.

Bokn Bygdeutvikling er tenkt løpe til og med 1997, og vi har en totalramme på kr 480.000. Pengene skal nytties til studiereiser, instruktører, undersøkelser (fellestiltak), spesielle lønninger (innen prosjektet) etc.

Dersom du ønsker å være med eller få nærmere opplysninger, vennligst ta kontakt med undertegnede.

Stein Alendal
Næringskonsulent

SOMMARMINNE FRÅ 2. KLASSINGAR

Som tidlegare år vil 2. klassingane også i år fortelja lesarane litt om sommaropplevelingane sine. Og det manglar ikkje på spennande og interessante sommarminne. Dei har ei fantastisk forteljarglede:

SOMMAR-MINNE

VI VAR I ROSENDAL OG NOR VI
SKL JEM MED FARJA DÅ SÅG VI
NISER
OG DA VI KOM OP I FARJA OG
DA VI VAR LAKT UT PÅ SJØEN
DA HOPA NISENE RET PÅ SIÅ
AV FeRJA OG VI STO UT PÅ DEK
OG VI SÅG PÅ

TOM INGE 2. KLASSE

SOMMAR MINNE

EIN KVELD I SOMMAR VAR ME
Å FISKA DET VAR IVAR PAPPA
OG EG. EG BELAI KVALM.
ME FEK 34 MAKREL

MAGNE 2 KLASE



Sommar-minne

Eg har vore i Nedrland.
Og eg var i tyskeland i ein by som
hete Bentheim.Og i ein praktful
hage.Og eg reiste med fly.
Det jore eg i sommar-feien.

Sophie - 2 klasse

Sommar-minne

Eg låg oss Jeanette og me la oss
klokka tolv og Jeanette kom til Meg
og Med lo og Eg sa at Jeanette
skulle gå opp ijen i køysenga og sove


Merethe 2. klasse

Sommar-minne

VI VAR I FRANKRIKE VI
BADET MYE VI KJØRTE MYE
DET VAR NOEN ANDRE SOM
VAR NORSKE DEI KOM FRA
OSLO EG BLE KJENT MED EN
JENTE SOM HETER NORA
EG FIK EN BADEDELFIN
DEN BADET EG MED DET VAR
OPPI 40 GRADER Å DET VAR
ALT FOR VARMT

SOMMAREN TIL Guro
NYGAARD

NISER PÅ FJORDEN



SOMAR - MINE

EG OG PAPPA OG VEGAR HAR
VORE PÅ BÅTUR I SKUDES ME
LÅ PÅ ANDRA SIÅ AV BYEN SÅ
ME MÅTE RO IN TE BYEN PÅ
DEN DAGEN VA DE MRKT DAG
Å ALT VA SÅ BILIKT ME
KJUPTE MASE FINE BÅTAR Å
SÅ I SKYNES VAR DE KARUSEL
EG OG VEGAR TOK KARUSLEN
DEN IJEK SÅ FORT AT EG OG
VEGAR BLE SÅ SVIMLE AT ME
IK GRED Å GÅ MESTE ITEPÅ.
ME GJEKK TIL JOLLN SÅ RODE
ME TIL BÅTEN

THERESE VÅGE 2. KLASE

Sommar-miNe

*eg har hat ein velluka Sommar
På fijorline-skipet hade me de
skempegøy åg de va skempehøgt de
rukte heilt op til halsen på meg. i den
eine butikn skapte eg meg ein mage
veske.!*

SKREVE AV ANDREAS

SOMMAR-MINNE

ME VAR I FRANKRIKE I SOMAR
DE VAR ET BADEBASSENG PÅ
40 METER OG BJØRN STO PÅ
VANNSKI MØJE OG ME BADA
MØJE DE VAR 40 GRADER I
LOFTA FOR VARMT

JØRGGEN T KL.2.

SOMMAR-MINNE

ME HAR VORE I OSLO OG DER
HAR ME BUD PÅ HOTEL ME
HAR VORE I VIKELANS-
PARKEN OG DER HAR ME
BADA I BADEBASSENG ME
HAR VORE INI STORTINGET
I OSLO HAR ME BUD HOS EIN
SO HITER ANDERS ME HAR SIT
SLOTE DE VAR FINT DER VAR
DE VAKTER OG ME HAR VORE
PÅ KONTIKI MUSEET OG DE
HAR VORET EIN SIEK TUR

ERIK ALVESDAD ANDRE KLASE

SOMMAR-MINNE

DET VAR KJEKT OG VARE PÅ
SOMMAR-FERIE VI BADA MASE
DER OG DER FIK VI MASE
VENER OG EG HEIV MAT TIL
ENDENE SOM FANTES PÅ
SOMMAR FERIEN. DET VAR
KJEMPE-KJEKT OG VARE PÅ
SOMMARFERIE VI SÅV PÅ
VIKODDEN OG DET VAR KJEKT
OG SÅVE DER OM NATTA OG
NESTE MORGEN JEK EG BORT
TIL HELENE OG TERESE OG
LEKTE I SAMEN OG SÅ JIK VI
BORT TIL EN KIOSK OG KØPTE
OS IS OG VI KØPTE OS MER
OKSÅ VI KØPTE TYGIS
DET VAR GOT OG TIL SLUT
KØRTE VI HEIMAT!!!!

ANDRE KLASSE BEATE ARE

MINNEORD

Oscar Dirdal er død, 73 år gammal. Han var fødd i Føresvik, og hadde to søstre. Dei bur begge utafor Bokn. Foreldra var Margit og Thomas Dirdal.

Oscar Dirdal vaks opp i Føresvik, og etter folkeskule gjekk han handelsskule i Kopervik i 1940. Seinare gjekk han to vintrar på snekkerutdanning på Sand. Han gjekk også på Statens heimeyrkesskule på Blaker.

I ungdomen starta Oscar møbelproduksjon på Holmen i Føresvik saman med Nils Melkevik. Seinare hadde han ei mindre snekkerbedrift i sokkeletasjen av eigen bustad. Hovudproduksjonen her var dører og vinduer. Etter dette har han hovudsakeleg arbeidt som formingslærar ved Bokn skule, mest i tresløyd.

I 1946 vart Oskar gift med Marie, f. Munthe. Ho var frå Karmøy. Dei fekk 5 barn; 3 jenter og 2 gutter. Alle desse er gifte og er busette utanom Bokn. Det er 13 barnebarn og 3 oldebarn.

Utanom arbeidet sitt var Oscar særleg interessert i kunst og kunsthandverk. Han gjekk på fleire kurs, og held sjølv kurs for interesserte i Bokn. Han var særleg dyktig i finare snekkerarbeid og treskjering. Mykje fint arbeid har han utført. Han var også interessert i oljemåling. Eit par av målararbeida hans heng i inngangspartiet på Boknatun.

I og med alle hobbyane, hadde han aldri fritidsproblem. Han var både hageinteressert og var litt på sjøen, og var aktivt med i det lokale hjartelaget.

Oscar Dirdal var ein omgjengeleg og gild mann. Han kjende boknarane godt, og dei han. Han var gjestfri og lett å koma i kontakt med.

Ektennen Marie, barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn lever att.

DRIFT I SELSKAPSLOKALA PÅ ARSVÅGEN

Finn Drange har starta opp drifta i 2. etasje på Arsvågen. Lyse, fine lokale og stort kjøken står klar til å ta imot ganske store selskap eller møte. I tillegg har han hatt ope i samband med helger for vanlege middagsgjester. Han har alt ein del bestillingar på møte, turar m.v. Finn Drange seier at han er i ferd med å marknadsføra bedrifta, slik at fleire skal bli klar over det tilbodet han kan gi.

Bokn kommunestyre ga i møte den 22. august løyve til at det kan skjenkast øl og vin til slutta selskap inntil kl. 01.00 i desse lokala.

Dermed er det gitt to slike løyve i kommunen.

I same kommunestyremøte fekk både Finn Drange og Steinar Alvestad løyve til å ha slutta lag inntil kl. 03.00 i selskapslokala sine.

SLEKTSSTEMNE ETTER INGEBRECT OLSSONS ETTERKOMARAR 23. JULI I ÅR

Det starta med gudsteneste i Bokn kyrkje. Sokneprest Arne Aurdal ynskte alle velkomne, og minna om i grunnen var me alle søskjen. -Me er jo av same rot- sa han.

Etter gudstenesta fekk me ei kort helsing av Laila Vinje frå Moss som var initiativtakar til slektsstemnet. Det blei så orientert om kor gravene til til forfedrane var å finna på kyrkjegarden.

Kl. 13 var alle samla på Bokn skule - i alt 356 personar. Tor Vinje sytte for at alle fekk namnelapp. Sa vart det velkomsthelsing av Leif Vatnaland som og leda stemnet.

Olaug Hognaland framførde prolog som ho hadde skrive, og Turid Skimmeleand frå Haugesund bibliotek ga orientering om kva biblioteket hadde å tilby av stoff frå Bokn.

Etter middag og kaffi fekk me visesong av Malvin Grønnestad. «Vise om ‘an far» og «Vise om ‘na

mor». Det passa svært godt denne dagen.

Tor Vinje fekk alle slektsgreinene til å fylla ut slektsskjema. Dette skulle han arbeida vidare med.

Målfrid Kro Trosvavåg overrekte eit «kast» spøta av ull frå Are til Laila Vinje.

Det var ikkje mange som såg på klokka, men tida gjekk fort, og folk kosa seg både rundt borda og elles. Sjølv om dei måtte stå i matkø, gjekk det greit unna. Det var Finn Drange som sto for sal av mat.

Det syntes som at dei fleste var komne for å ha det gildt, treffa slekt og samla inn meir opplysningar om slekta. Eldst på stemnet var 92 år gamle Hilda Vågshaug. Ho hadde ein stor dag. Minstebarnet på stemnet var vesle Vegar på 4 mnd.

Stor takk til alle som var med og fekk til denne minnerike dagen.

Liv V.

BILETE FRÅ SLEKTSSTEMNET 23.08.94

Dei som vil ha kopi av biletet frå stemnet som sto i Aftenbladet 24.07, kan melda frå til Leif Vatnaland, tlf. 52 74 83 12 eller Tor Vinje tlf. 69 27 57 01.

Prisar for kopi i fargar:

40 x 60 cm. kr. 98,-

30 x 45 cm. kr. 73,- (Prisane er innkludert porto)

20 x 30 cm. kr. 50,-

Det går også an å få kopi av det biletet som var utstilt i korridoren av Jens og Maria Are m/ barna.

Leif V.

VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl. 10.00 - 13.30
ONSDAG : kl. 16.00 - 19.00
TORSDAG : kl. 10.00 - 13.30

LESETIPS FOR SEPTEMBER

VAKSNE


Elstad, Anne Karin:
Som dine dager er

Haslund, Ebba:
I mangel av sverd

Hollup, Anne Grete:
Celiaas kjærighet

Lønn, Øystein:
Thomas Ribes femte sak

Walters, Minette:
Døden i ishuset



FERIEN ER SLUTT OG SANITETEN ER
PÅ PLESS MED KAFFI OG NYSTEIKTE
VAFLER KVAR TORSDAG I BIBLIOTEKET
SI OPNINGSTID

BARN/UNGDOM

Ambjørnsen, Ingvar:
Storbyens stemme

Gripe, Maria:
I klokkenes tid

Holmås, Stig:
Vinterhauk og Ørkenvind

Johnsen, Kjell:
Bernt og fotballen

Newth, Philip:
Barn av universet

***BIBLIOTEKET -
gratis å spørje
gratis å få svar***

KOMMUNESTYRE - OG FYLKESTINGSVALET 1995

Bokn kommune

Røyste heime ?

Kommunestyrevalet og fylkestingsvalet er mandag 11. september.

Dersom du ikke kan møte opp i vallokalet på valdagen på grunn av sjukdom eller uførleik, kan du sende søknad til valstyret og be om å få røysta heime eller der du oppheld deg. Det er ikke nødvendig å ta kontakt med valstyret dersom du er innlagd på, eller bur på institusjon der det blir arrangert førehandsrøysting.

Fristen for å søkje om å få røyste heime er 5. september 1995 kl. 15.00.

I brevet til valstyret må du opplyse:

- kvifor du ikke kan møte opp i vallokalet
- fullt navn, fødselsår og fødselsdato
- nøyaktig(e) adresse(r) heilt fram til 9. september

Ein person over 14 år må stadfeste skriftleg at han/ho kjenner deg og at du er så sjuk eller ufør at det ikke er mogleg for deg å møte fram i vallokalet på valdagen.

Dersom du ikke kan skrive under brevet sjølv, må du få ein person over 14 år som kjenner deg, til å skrive under brevet. Denne personen må skrive under med sitt eige namn. Er det vanskeleg for deg å skrive, kan du ringje rådhuset.

Ein røystemottaker vil seinare (før 9. september) oppsøkje deg å ta imot røysta di.

Adresse og telefonnummeret til valstyret er: 4290 Bokn 52 74 85 00

FØREHANDSRØYSTEGJEVING

Dersom du ikke kan møta fram i vallokalet på valdagen, kan du røysta på førehand. Du kan røysta på førehand i den kommunen du sjølv ønsker. Dersom du røysta på førehand i ein annan kommune enn der du er innført i folkeregisteret, hugs at røysta skal nå fram til heimstadkommunen gjennom posten innan valdagen.

Du kan røysta på førehand frå og med 1. juli på følgjande stader:

Boknatun: mandag - fredag	1. juli - 8. september	kl. 09.00 - 14.00
"	9. september	kl. 10.00 - 14.00
"	10. september	kl. 14.00 - 18.00

Bokn, den 28. augsut 1995
For Bokn valstyre
Leif vatnaland
leiар



KOMMUNESTYREVALET 1995

BOKN KOMMUNE

Her kan du røyste!

Det blir halde val på medlemmer til kommunestyret og fylkestinget mandag 11. september.

Du har røysterett ved vala dersom du er norsk statsborgar og har fylt 18 år seinast 31. desember 1995. Dersom du ikkje er norsk statsborgar, må du ha vore registrert i folkeregisteret som busett i Noreg dei siste tre åra før valdagen for å ha røysterett. Det er same reglar for kvinner og menn.

Du må dessutan stå i manntalet.

Røystested:

Boknatun, Allrommet

Opningstid:

frå kl. 10.00 til kl. 20.00

Bokn, den 30.09.1995

for Bokn valstype

Leif Vatnaland

(leiar)



BOKN
KOMMUNE



KOMMUNESTYREVALET 1995

FEIL VED TEKSTDELEN PÅ VALLISTENE

Ein vil be veljarane vera merksame på ein feil i tekstdelen på vallistene, pkt. 2, når det gjeld antal kandidatar som kan førast over frå andre lister. Korrekt tal skal vera 5 kandidatar.

Bokn valstyre, den 30. august 1995

Leif Vatnaland
leiar



BRUK KULTURKALENDEREN!

Igjen har kulturkontoret gitt ut kulturkalender. Den siste som blei sendt ut til alle husstandane i kommunen i sommar, gjeld hausten 1995. Dette er den 3. kalenderen som er utgitt.

Her kan du finna ut kva som skjer i bygda for kvar månad framover mot jul. Skulle det vera arrangement som kjem i tillegg, vil dette bli kunngjordt i bygdabladet, ved oppslag eller på anna vis.

Kulturkalenderen er meint å vera eit fast innslag kvart halvår, og han har fått ei svært god utforming og layout.

Utanom oversikt over arrangement

for kvar månad, er det oversikt over aktivitetane på ettermiddag og kveldstid ved Bokn skule.

Kalenderen er illustrert med mange fine bilete frå Bokn, både frå kulturminne og meir nye og aktuelle ting. Kyrre Lindanger har stått for fotograferinga.


I katalogen fins det og oversikt over lag og organisasjonar, opningstider for bygdemuseet og biblioteket.

Som vanleg eit fint utført arbeidsstykke frå kulturkontoret.

Kulturkontoret har ennå ein del eksemplar liggjande dersom nokon ynskjer kalenderen.

FLAGGRUTA:

ENNÅ USIKKERT OM FLAGGRUTA SKAL HALDA FRAM MED ANLØP AV FØRESVIK



Med 9 mot 6 røyster(Høyre + FrP) har nyleg Hovudutvalet for samferdsel i Rogaland anka Samferdselsdepartementet si avgjerd om at Flaggruta kan sløyfa anløp av Føresvik. Fleirtalet meiner at anløpa av Føresvik har ein lokal funksjon i forhold til nabokommunane Karmøy og Tysvær, pluss elevtransport. Både

Bokn og Tysvær har protestert mot at anløpa skal sløyfast.

Det er blitt hevdat Bokn med fastlandssambandet har fått svært gode kommunikasjonar, og at det ikkje er nødvendig med anløp av flaggruta.

Høyre og Fr.P. i Samferdselsutsvalet seier altså ja til at Flaggruta skal stryka forbi kaien, og dette gjer at anken frå Fylket ikkje er samrøystes. Det er nokre få minutt å spara ved at anløp blir sløyfa. Saka skal endeleg avgjerast i Samferdselsdepartementet.



BOKN KOMMUNE

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

PIANO/KEYBOARD

Det er ein ledig elevplass på piano eller keyboard for skuleåret 1995/96.

Undervisninga vil vera på onsdagar, ein halv skuletime kvar veke. Lærar er **Venevil**.

Interesserte, enten dei er nybegynnalar eller vidarekomne, tar snarast kontakt med musikkskulen.

- rektor -

Vår varmeste takk for alle hilsener og gode ord ved min kjære mann og vår far, Oscar Dirdals sykdom og bortgang. En spesiell takk til Bokn sjukestove for god og omsorgsfull pleie. Vi takker også for gaven til Hjertelaget.

Marie m/familie.

Bokn Handelslag deler ut midlar til lag og foreningar.

Søknadsfrist 30. september.

«HER SEIE ME ADLE OGNØY ELLER OGNØYNÅ»

Det siterte Stavanger Aftenblad i ein leiarartikkel den 26. juli då dei hadde spurt ein boknar korleis ho uttala namnet på øya Ognøy. Men den Oslo-baserte klagenemnda for rettskriving på stadnamn ville ikkje høyra på det, og bestemte at skrivemåten skulle vera Ognøya.

I ei høyring om skrivemåten på øynamn som både kulturstyret, formannskapet og kommunestyret nå har uttala seg til, seier vedtaket i kommunestyret frå 22.08.95 m.a.:

-Bokn kommunestyre kan ikkje godta at skrivemåten for øynamn skal endrast slik namnekonsulenttena vil. Den lokale skrivemåten i ubunden form har vore, og vert framleis den naturlege her hjå oss. Kommunestyret protesterer på det sterkeste på den føreslegne endringa».

BOKN BYGDAABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune.

4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00

fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDAABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøssang,
Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100.- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400.-

Halv side: kr. 150.-

½ side: kr. 75.- 1/8 side: kr. 50.-

Små privatannonser: KR. 10.-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årlig.

ARR. I SEPTEMBER:

Bokn kr. ungd.klubb har samling
kvar fredag på Bokn bedehus kl.
19.30 - 23.00. Første samling 01.09.

03.09: NMS-fest kl. 19.00 på Bokn
bedeehus.

07.09: BINGO på Bokn skule. Arr:
Bokn Brass/Bokn skulekorps.

Veke 37: FRILUFTSVEKA 1995.
Speidarane set opp SPEIDARBÅL
for heile bygda tysdagen i denne veka

16. og 17.09: BLÅ KORS-møte på
Bokn bedehus.

19. til 24.09: Karmsund Indremisjon
har møte desse dagane i Bokn
bedehus.

20.09: Foredrag om benskjørhet v/
dr. Gunnes i Allrommet på Boknatun.
Arr: Bokn Sanitetsforening.

24.09: Natursti til Sandvika.
Arr: Bokn Idrettslag



10.09: kl.11.Gudsteneste v/Arne
Aurdal og forkynnar Roar Vik.
Offer til NMS.

24.09: kl.11.Familiegudsteneste v/
Arne Aurdal. Kofirmantpresen-
tasjon. Offer til soknerådskass.

LENSMANN
Første fredag i kvar mnd.
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun

LANDBRUKSKONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknatun

FOTPLEIE
Onsdag den 13.september.
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 52 74 85 00

Ønsker å leie lite hus med kjeller
eller brukbart uthus. Lang leie.
K.G.B. Foster, Dagsland.

BJØRK I FAVN OG SEKK **BLANDINGSVED I SEKK**

*Til salgs tilkjørt
Kan også bestillast nå for
utkjøring i haust*

Henv. Dag Atle - tlf. 52 74 86 03

*Takk for oppmerksomheten på
50-års dagen vår.*
Halldis og Dagfinn